

NORÅNE SKULE



SAMAN

OM MEISTRING

Vårt kunnskapssyn

- Vår pedagogikk bygger på ei erkjenning av at vi som menneske er ulike og at det er mange måtar å lære på, både kvar for seg og saman med andre
- Vårt mål er at undervisninga skal vere variert, fremje elevaktivitet og læring der elevane lærer gjennom å bruke ulike læringsstilar og læringsstrategiar
- Vi ynskjer å førebu elevane best mogleg for framtida ved å arbeide saman med elevane i demokratiske prosessar for å bli engasjerte borgarar av samfunnet



Vårt elevsyn

- Alle elevar treng trygghet, omsorg og trivsel for å lære
- Alle elevar kan vidareutvikle sine ferdigheiter
- Alle elevar utviklar seg best når det vert stilt tydelege krav og forventningar til dei
- Alle elevar kan delta aktivt i planlegging og vurdering av eige arbeid

Relasjon lærar-elev

Ein god relasjon mellom lærar og elev ved Norane skule vert kjenneteikna av

- At lærarar og elevar viser kvarandre tillit og respekt
- At lærarar og elevar har ein god dialog
- At lærarar og elevar føler seg trygge og trivast
- At lærarar og elevar har forventningar til kvarandre

Den gode timen

ved Norane skule vert kjenneteikna av

- At timen startar presis er prega av ro
- At alle er godt førebudde
- At det vert stilt tydelege forventningar og krav
- At det er faste rutinar på start av undervisninga
- At det er struktur på timen
- At det er variasjon i undervisninga
- At det er tilpassa opplæring til kvar enkelt elev
- At det er varierte arbeidsmåtar og arbeidsmetodar
- At det er ein god arbeidsatmosfære med trygghet og dialog
- At læraren er læringsleiar av timen
- At timen vert avslutta med oppsummering og samtale om det ein har lært

Vi ønsker at vår plattform skal sette klasseleiing, undervisning motivasjon og meistring i samanheng. Dette skal gje oss ei felles forståing som skal ha blikk for den enkelte elev og auke læringsutbytte i undervisninga

Gjennom...

- Elevmedverknad
- Rettleiing av nye lærarar
- Oppfølging frå lærarar, miljøterapeutar og assistentar
- Felles regelhandtering
- Felles vurderingspraksis
- Gode tilbakemeldingsrutinar
- Trivsel, trygghet og sosial kompetanse
- Godt samspel mellom skule, SFO og lokalsamfunnet
- Godt samarbeid heim-skule
- Pedagogisk plattform på dagsorden på fellesmøter

.....vert vår pedagogiske plattform verkeleggjort

Vi ser og utviklar heile mennesket! Bli med på laget!

Velkomen til Norane skule!

Norane skule, Ylvisåker, 6858 Fardal. Tlf: 57628930